



HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Landbruks- og matdepartement

Pb 8007 Dep.
0030 Oslo

Saksnr 2009/877	Arkiv V60	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar FEL / HS	Dato 01.02.2010
--------------------	--------------	------------	--------------------------------	--------------------

K-SAK 8/10. HØYRING. FORSLAG TIL VERNEHEIMEL I JORDLOVA.

Vedlagt følger K-sak 8/10.

Kommunestyret handsama saka i møte 19.01.10 og gjorde slikt vedtak:

1. Herøy kommune er negativt innstilt til innskrenking av det lokale sjølstyre og er imot innføring av nye (kapittel) §§ i jordlova som handlar om vern av dyrka jord for jordbruksproduksjon.
2. Ny plandel av plan- og bygningslova og jordlova er viktige verktøy for å sikre matjord mot nedbygging. Herøy kommune meiner utarbeiding og oppfølging av regionale og kommunale arealplanar framleis vert det viktigaste reiskapen for å sikre landbruket sine interesser i samfunnsplanlegginga.
3. Herøy kommune meiner det må opnast for moglegheit til lokal forvaltning av søknadar om fritak frå forbodet i § 14, 1. Ledd, for tiltak etter § 9 i jordlova normalt ikkje krev dispensasjon for omdisponering (driftsbygningar, våningshus, driftsvegar .m.m.), der det ligg til rette for det og kommunen sjølve ønskjer det.

Med helsing


Hilde Skinnnes
e.f.

ei båt lengd bære





HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	RS	Arkivsaknr:	2009/877
		Arkiv:	V60

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/10	Formannskapet	19.01.2010
8/10	Kommunestyret	28.01.2010

HØYRING. FORSLAG TIL VERNEHEIMEL I JORDLOVA.

Tilråding:

1. Herøy kommune ser positivt på at det innføres nye (kapittel) §§ i jordlova som handlar om vern av dyrka jord for jordbruksproduksjon.
2. Ny plandel av plan- og bygningslova og jordlova er viktige verktøy for å sikre matjord mot nedbygging. Herøy kommune meiner utarbeiding og oppfølging av regionale og kommunale arealplanar framleis vert det viktigaste reiskapen for å sikre landbruket sine interesser i samfunnsplanlegginga.
3. Herøy kommune meiner det må opnast for moglegheit til lokal forvaltning av søknadar om fritak frå forbodet i § 14, 1. Ledd, for tiltak etter § 9 i jordlova normalt ikkje krev dispensasjon for omdisponering (driftsbygningar, våningshus, driftsvegar .m.m.), der det ligg til rette for det og kommunen sjølve ønskjer det.

Møtebehandling:

Leiar for utviklingsavdelinga Hallvard Rusten møtte.

Framlegget vart med slikt endring i punkt 1 i tilrådinga samrøystes vedteke:

1. Herøy kommune er negativt innstilt til innskrenking av det lokale sjølstyre og er imot innføring av nye (kapittel) §§ i jordlova som handlar om vern av dyrka jord for jordbruksproduksjon.

Tilråding i Formannskapet - 19.01.2010

1. Herøy kommune er negativt innstilt til innskrenking av det lokale sjølstyre og er imot innføring av nye (kapittel) §§ i jordlova som handlar om vern av dyrka jord for jordbruksproduksjon.
2. Ny plandel av plan- og bygningslova og jordlova er viktige verktøy for å sikre matjord mot nedbygging. Herøy kommune meiner utarbeiding og oppfølging av regionale og kommunale arealplanar framleis vert det viktigaste reiskapen for å sikre landbruket sine interesser i samfunnsplanlegginga.
3. Herøy kommune meiner det må opnast for moglegheit til lokal forvaltning av søknadar om fritak frå forbodet i § 14, 1. Ledd, for tiltak etter § 9 i jordlova normalt ikkje krev dispensasjon for omdisponering (driftsbygningar, våningshus, driftsvegar .m.m.), der det ligg til rette for det og kommunen sjølve ønskjer det.

Møtebehandling:

Det vart halde gruppemøte.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 2 røyster som røysta for tilrådinga frå administrasjonen.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2010

1. Herøy kommune er negativt innstilt til innskrenking av det lokale sjølstyre og er imot innføring av nye (kapittel) §§ i jordlova som handlar om vern av dyrka jord for jordbruksproduksjon.
2. Ny plandel av plan- og bygningslova og jordlova er viktige verktøy for å sikre matjord mot nedbygging. Herøy kommune meiner utarbeiding og oppfølging av regionale og kommunale arealplanar framleis vert det viktigaste reiskapen for å sikre landbruket sine interesser i samfunnsplanlegginga.
3. Herøy kommune meiner det må opnast for moglegheit til lokal forvaltning av søknadar om fritak frå forbodet i § 14, 1. Ledd, for tiltak etter § 9 i jordlova normalt ikkje krev dispensasjon for omdisponering (driftsbygningar, våningshus, driftsvegar .m.m.), der det ligg til rette for det og kommunen sjølve ønskjer det.

Særutskrift:

Saksopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet har den 11.09 og 14.09.2009 sendt ut på høyring eit forslag om endringar i jordlova som inneber eit forslag om å innføre ein verneheimel i forhold til den mest verdfulle dyrka jorda.

Dette på grunn av at ein har erkjend at dyrka jord ikkje er ein fornybar ressurs som det difor er ønskjeleg å gje eit sterkare vern. Departementet meiner å sjå at dei signaler som tidlegare har vort sendt kommunane når det gjeld jordvern ikkje har vore tilstrekkeleg grad vorte teke alvorleg til følgje gjennom konkrete handlingar. Jf. kravet/målsettinga om halvering av omdisponering av dyrka og dyrkbar jord innan 2010.

På bakgrunn av denne situasjonen og rapporten "Klimaskifte for jordvern" frå 2008 fekk Statens landbruksforvaltning i desember 2008 oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet å utrede moglegheit for ein heimel i jordlova om varig vern av den mest verdfulle dyrka jorda.

For å nå målsettinga på maksimalt 5.700 dekar omdisponert årleg, er det forslag om ein rekkje endringar i dagens lovverk.

Landbruks- og matdepartementet ber kommunane om å gje tilbakemelding på følgjande:

- Kongen får ny § 13 i jordlova mynde til å gje verdfulle jordressursar varig vern som jordvern områder. Dette inneber at jordbruksdrifta i verneområda vidareførast som før.
- Moglegheit til å omdisponere og frådele dyrkajord på eigedomar i jordvern områda blir innskrenka, jf. jordloven – ny § 8C, bl.a. føreslåas det endra og strengare kriteria for dispensasjon.
- Mynde til å gje samtykke til omdisponering og deling i jordvern områdene plasserast hjå Fylkesmannen – klageinstans er Statens landbruksforvaltning.
- Vernet skal gjelde verdfull dyrka mark, dvs. at arealas kvalitet og eigeskap for produksjon av matkorn er eit vesentleg kriterium for mogleg vern.
- Arealane bør vere av ein viss storleik og mest mogleg samanhengande.
- At det setjast i gang ein prosess for å vurdere aktuelle jordvern områdar i alle delar av landet når loven trer i kraft.
- Vernprosesser setjast deretter i gang for dei einskilde områdar.
- Fylkesmannen fremjar forslag ovanfor Statens landbruksforvaltning, som deretter vurderar og avgjer kva konkrete områdar som skal utredast for vern.
- Det leggjast til rette for gode medverknads prosessar slik at grunneigarar, planmynde og andre får moglegheit til å uttala seg.
- De strenge bestemmingane skal gjelde frå det tidspunkt Statens landbruksforvaltning har fatta vedtak om oppstart av verneprosess.

I tillegg til dei ovanståande kulepunkt ber departementet høyringsinstansane vurdere følgjande punkter:

- Kva slags areal skal kunne vernast.
 - Avveining mot andre samfunnsinteresser.
 - Forholdet til allereie gitte samtykker og vedteke arealplanar.
 - Virkning av vernevedtak-dispensasjon
 - Prosess
-

- Tiltak ved i gang satt handsaming, men før endeleg vernevedtak er fatta.
- Øvrige korrigeringar
- Økonomiske og administrative konsekvensar

Landbrukssjefen meiner det er eit betydeleg inngrep i den lokale sjølvrådetretten og lokaldemokratiet å innføre ein varig verneheimel. For at det skal vere ein grei handsaming av denne saka burde ein ha fått tilstrekkeleg tid til å vurdere både fordelar og ulempar med innføring av denne heimel i jordlova, høyringsperioden burde vore mykje lenger enn den svarfristen som er sett.

Landbrukssjefen er einig med departementet og deler bekymringa for den høge omdisponeringstakta som går føre seg rundt om i kommunane, og ser klar at det trengs ein endring av denne. Målsetjinga om å halvere omdisponeringa ikkje er nådd på nokon måte, må ein setje inn tiltak. Men eg er usikker på om det er rett veg å gå å innføre ein verneheimel i denne samanheng. Plan- og bygningslova og jordlova kan nyttast mykje sterkare for å påsjå at dei nasjonale føringane vert oppfylt i den lokale handsaming av sakene.

Landbrukssjefen vil peike på at det er prinsipielt uheldig at mynde til å gje samtykke til omdisponering og frådelling i jordvernområde plasserast hjå Fylkesmannen, med Statens landbruksforvaltning som ankemynde. Dette inneber at all avgjerdsmynde i slike saker er utan politisk styring/medverknad. Klagemynde bør/må liggje hjå Landbruks- og matdepartementet.

Det må heller ikkje setjast så strenge krav til omdisponering i desse områdene slik at nødvendige driftsbygningar, våningshus og veger ikkje let seg bygge. Då legg vi opp til stans i bygging av nødvendige bygg for å drive vidare den produksjon vi ønskjer, noko som vil vere uheldig. Det må difor visast ein lempeleg haldning til slike bygg i desse områdene.

I forhold til § 14 må det vurderast om det skal knytast tilleggskrav til vurderinga av "samfunnsinteresser av stor vekt". T.d. kan ein stille vilkår om at det skal utarbeidast ein konsekvensanalyse der alternativ til omdisponering av verna jord vert utreda.

Politikarane vil vere godt kjend med det viktigaste lovverket som regulerar areal disponeringa. Jordlova av 12. Mai 1995 nr. 23 er sentral, både gjennom føremåls paragrafen og paragrafane 9 og 12 som omhandlar omdisponering og frådelling. Som kjend har ikkje jordlova pr. i dag ikkje reglar som har som føremål å sikre varig vern av jordressursane. Slik lova er i dag, er det slik at den er retta mot regulering av den faktiske bruken av jorda, men ikkje vern i eit langsiktig perspektiv. Sjølv om det i prinsippet er forbod mot omdisponering og frådelling, er det tilgang til å gje samtykke eller dispensasjon frå desse lovparagrafane.

Plan- og bygningsloven er på same vis essensiell, gjennom dei vedtak som fattast ved kommuneplan og reguleringsplanarbeid leggast det føringar for arealbruken. Plandelen i den "nye" plan- og bygningsloven inneheld heller ikkje nokon heimel for varig vern av verdfulle jordressursar når ein ser det frå ein nasjonal ståstad. Med andre ord, Norsk lovgeving har ikkje i dag nokon heimel for vern av jordressursar med føremål å sikre mat produksjon på areala. Det vert eit paradoks at areala som vert verna eller freda etter naturmangfaldlova har eit langt sterkare vern mot nedbygging enn det dyrka jord har.

Det føreslåast at det skal leggjast opp til verneprosessar der det føretas ein grundig vurdering av kva areal som bør vernast. Då er det så langt sagt at grunneigarar og lokalt mynde skal vere med. Uansett vert det store spørsmålet om vern av konkrete areal må vurderast opp mot det utbyggingspress areala er utsett for og kva arealplanar og sentrale politiske føringar som ligg til grunn. Endeleg vedtak om vern bør/må fattast av Kongen, jf. forslag om ny § 8b.

Eventuelt frådelingar av dyrka jord innanfor jordvernområda bør dette skje der nasjonale omsyn talar for det, dette vert då eit strengare krav enn "samfunnsinteresser av stor vekt" og krev då at føremålet med frådelinga er av nasjonal og ikkje berre lokal interesse.

Jordvernområda må vere av ein viss storleik og kvalitet om dei skal vernast. Innføring av vern kan kanskje gje den vekt at små inneklemt areal mellom bygnad lettare kan verte frigitt til utbygnings føremål.

Det har tidlegare gjennom den såkalla jordvengruppa sin rapport ("Klimaskifte for landbruket" 07/08) kome fram ein rekkje forslag til verkemidlar for eit strengt/sterkt jordvern. Dei hadde også for utanom å leggje fram ein heimel for vern av jordressursane, hadde gruppa også forslag om at det kunne utarbeidast Rikspolitiske retningsliner for jordvern. Mogleg det hadde vert meir gunstig i denne samanheng?

Statens landbruksforvaltning legg opp til at Fylkesmannen må vurdere kor det må startast opp med verneprosessar, og om det må setjast i gang straks det kjem inn forslag. Eller ein skal vurdere alle innkomne forslag samla. Statens landbruksforvaltning meiner det er urealistisk å få vurdert alle områda som er aktuelle i første vernerunde.

Vurdering og konklusjon:

Endringsforslaga i jordlova er som følgjer:

*§ 13. Vedtak om oppretting av jordvernområde
Kongen kan vedta at område med verdfull dyrka jord skal vernast som jordvernområde.*

Ved avgjerda om vern skal det mellom anna leggjast vekt på i kva grad areala er eigna til mat- eller forproduksjon, om areala har eller kan få noko å seie for nasjonal eller regional mat- eller forproduksjon, om areala er av ein viss storleik og ligg samla, og om areala ligg i eit område der det kan ventast å verta utbyggingspress.

Omsynet til vern av dyrka jord skal vegast mot andre viktige samfunnsinteresser.

Vedtak om vern får ikkje verknad for

- a) tiltak der det allereie er gitt samtykke til omdisponering etter § 9,*
 - b) tiltak som krev løyve frå det offentlege etter anna lovverk, og slikt løyve er gitt, eller*
 - c) tiltak som ikkje krev samtykke etter § 9, som omdisponering av dyrka jord til driftsbygning og våningshus, dersom tiltaket fysisk er sett i gong når vernevedtaket blir gjort.*
-

§ 14. Bruk av dyrka jord i jordvernområde

I jordvernområde må dyrka jord ikkje brukast til anna formål enn jordbruksproduksjon. Forbodet gjeld i alle tilfelle kor jorda ikkje vert nytta som vekstmedium for planteproduksjon eller hagebruk.

Departementet kan gi fritaking frå forbodet i første ledd dersom tiltaket ikkje strir mot føremålet til vernevedtaket og har lite å seie for verneverdiane i jordvernområdet, eller dersom omsynet til tryggleik eller samfunnsinteresser av særleg stor vekt taler for det.

§ 9 tredje til femte ledd og § 12 tredje til sjette ledd gjeld tilsvarende.

§ 15. Handsaming av saker om jordvern.

Når arbeidet med vern etter § 13 tek til, skal Kongen kunngjere eit påtenkt verneforslag i minst ei avis som er alminneleg lesen på staden. Kunngjeringa skal gjere greie for dei viktigaste følgjene av forslaget, jf. § 14. Grunneigarar og rettshavarar i det påtenkte jordvernområdet skal så langt råd er få skriftleg melding om forslaget, og få ein rimeleg frist til å gi merknader før forslaget vert utforma.

Vedtak om vern av dyrka jord for jordbruksproduksjon vert fastsett som forskrift, jf. forvaltningsloven kapittel VII. Overfor grunneigarar og rettshavarar som verneforskrifta får følgjer for, gjeld også reglane om enkeltvedtak i forvaltningsloven. Kongen kan i forskrift gi føresegner som utfyller sakshandsamingsreglene i paragrafen her og forvaltningsloven.

Herøy kommune meiner at alle tiltak som tek sikte på omdisponering av dyrka jord i eit område som handsamast som jordvernområde vert søknadspliktig. Det synast å vere greitt at så vel kommune som høgre forvaltningsnivå gis ein reel moglegheit til å vurdere alle tiltak under ein utreining av jordvernområda. Herøy kommune meiner det må fastsetjast eigen forskrift for dei aktuelle jordvernområda vil vere heilt nødvendig, slik som § 15 ledd 2 tilseier.

Fosnavåg, 07.12.2009

Rune Sjurgard

Sakshandsamar: Jordbrukssjef Terje Kolstad